



Maren, Norah og Ewy hadde første timen sin på althorn i dag.

Like etter skuletid i dag starta 5 unge uskedelingar som messingblåsarar i kulturskulen. Først ute var Torger Johan og Linnea som starta på bariton, og like etterpå hadde trioën Maren, Norah og Ewy sin første time. Desse tre spelar althorn. Alle fem fekk ein flott start, og det let riktig flott i skulen då dei spelte.

Althorn og bariton er kjempeflotte instrument å starta på, og dessutan får dei ein svært hyggeleg og flink lærar. Han heiter Linas Dakinevicius og er opphavelg frå Litauen. Han har no budd i Norge ein del år, og byrjar no på no på 3. året sitt i Kvinnherad kulturskule. Han har denne tida gjort ein svært god jobb i aspirantopplæringa til skulemusikken.

No skal dei fem vera aspirantar i kulturskulen dette året. Etter 17.mai får dei prøva seg litt i skulemusikken, og så vert dei med for fullt der frå neste haust. Dei er no i gang med ein kjekk hobby som dei kan ha heile livet. Eldste aktive musikaren i Uskedalen er Bjørgulv Eik som nærmar seg 84, men det finns eksempel på ein del korpsmusikarar som spelar med stor glede etter fylte 90 år.

Dersom det skulle vera nokon som angrar på at dei ikkje har meldt seg som aspirantar, er det kanskje verd å prøva med ein telefon til den nye rektoren i Kvinnherad kulturskule, Kirill Zimin. Han er ein svært hyggeleg kar og kjem opphavelg frå Russland. Han har budd 11 år i Norge og kjem no frå Åndalsnes.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anja Strüter